

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Voss, Oppheim  
**Dato:** 11.03.2013  
**Tidspunkt:** 12:45 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	MEDL	SFFK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA
Henrik Oppen	Karen Marie Hjølmeseter	SFFK

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	sekretær

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen      SNO, Aurland  
Nils Kvamme                      SNO, Naturoppsyn  
Marte Conradi                    Miljøvernleiar Høyanger kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 3/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 4/13	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 5/13	Stølsheimen landskapsvernområde - snøskutertrase over Finnbufjellet til Sendedalen og Rv. 13 som evakueringsrute		2013/447
ST 6/13	Stølsheimen landskapsvernområde - snøskutertransport av ved og proviant frå Bjergane til Rappen		2013/586
ST 7/13	Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om to representantar frå villreininteressene i Fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen		2011/5353
ST 8/13	Stølsheimen landskapsvernområde - Restaurering av stølshus i Mørkves-Grøndalen, gnr. 277, bnr. 29 i Voss kommune		2013/334
ST 9/13	Stølsheimen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar		2013/437
RS 1/13	Høringsbrev - Endringer i naturoppsynsloven og naturmangfoldloven		2013/130

Orienteringssaker:

### Saker i AU

Orientering om saker i AU

### Nettsida til Stølsheimen verneområdestyre er publisert

Presentasjon av nettsida. Sakspapir vert lagt ut på heimesida. Styret får link til heimesida i innkalling til møte i verneområdestyret.

### Status på arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde

Forvaltar skal legge fram arbeidet med planen i møtet til Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd 13. mars. Forvaltar planlegg møte med reiselivet i området før neste møte. Fyrste utkast til revidert plan vert lagt fram i møte til verneområdestyret 23. mai.

### Møte med fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen

Dialogmøte mellom fagleg rådgjevande utval og verneområdestyret vert 23. mai i Voss Fjellandsby i Myrkdalen.

### Nasjonalparkkonferanse 4. til 5. november

Styret vart orientert om konferansen som skal vera i Trondheim. Program for konferansen vert sendt ut straks den er publisert.

### Tildeling av tiltaksmidlar til Bestillingsdialogen 2013

Styret fekk kort orientering av forvaltar om tildelinga av tiltaksmidlar for 2013.  
Prioritering av tiltak og fordeling av tiltaksmidlar vert sett opp på sakskartet i møte 5. april.

**Møteplan for styret**

Møteplan for fyrste halvår 2013:

Fredag 5. april kl. 10      Oppheim, Vossestølen

Torsdag 23. mai kl. 10      Voss Fjellandsby, Myrkdalen

Arkivsaksnr: 2013/447-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 22.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/13	11.03.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - snøskutertrase over Finnbufjellet til Sendedalen og rv. 13 som evakueringsrute

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til:

- Å køyre med snøskuter for og GPS-logga snøskutertrase frå grensa til landskapsvernomsrådet på Finnbufjellet – ned i Sendedalen – gjennom Sendedalen til rv. 13.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. VI 6, og med fylgjande vilkår:

- Inntil 3 turar med 2 snøskuterar i perioden frå og med 1. desember til og med 1. april, med unntak av søndagar. Løyve gjeld for åra 2013, 2014 og 2015.
- Turane skal samordnast med Røde Kors Hjelpekors Sogn og Fjordane sitt løyve til kjentmannsturar i Sendedalen når det er praktisk mogleg.
- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Nils Kvamme (mob. 95730615), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Dato og talet på snøskuterar som var med på turane skal rapporterast til verneområdeforvaltar innan 1. juni kvart år i løyveperioden.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast naudsynt løyve frå Voss kommune etter lov om motorferdsel i utmark, og frå aktuelle grunneigarar.

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 11.03.2013

### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til:

- Å køyre med snøskuter for og GPS-logga snøskutertrase frå grensa til landskapsvernområdet på Finnbufjellet – ned i Sendedalen – gjennom Sendedalen til rv. 13.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI 6, og med fylgjande vilkår:

- Inntil 3 turar med 2 snøskuterar i perioden frå og med 1. desember til og med 1. april, med unntak av søndagar. Løyve gjeld for åra 2013, 2014 og 2015.
- Turane skal samordnast med Røde Kors Hjelpekors Sogn og Fjordane sitt løyve til kjentmannsturar i Sendedalen når det er praktisk mogleg.
- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Nils Kvamme (mob. 95730615), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Dato og talet på snøskuterar som var med på turane skal rapporterast til verneområdeforvaltar innan 1. juni kvart år i løyveperioden.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast naudsynt løyve frå Voss kommune etter lov om motorferdsel i utmark, og frå aktuelle grunneigarar.

### Saksopplysningar

- Søknad om løyve til å bruka snøskuter i landskapsvernomde, datert 22.01.2013

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter, MD 31.01.2013

Statens vegvesen har utarbeidd ein beredskapsplan for evakuering av fastkøyrd kolonne på rv. 13 Vikafjell. Planen er utarbeidd i samarbeid med politi, sivilforsvar og redningsteneste. Dersom det skjer ei ulukke på fjellet, og vegen er stengd over fjellet i begge retningar, er den raskaste evakueringsruta over Finnbufjellet til Myrkdalen. Ruta er frå rv. 13, inn Sendedalen til Homlavatnet, opp over Finnbufjellet og ned til Myrkdalen v/Voss Fjellandsby. Når vegen er stengt på grunn av ras i Kvassdalen, er dette einaste ruta som er framkomeleg med snøskuter. I ekstreme ver-tilhøve vert snøskuter vurdert som einaste transportmiddelet som kan koma seg fram på kort tid. Det vert søkt om å få køyra 1 til 3 turar med snøskuter på denne ruta kvart år for å legge inn GPS data. Røde Kors og Silvilforsvaret disponerer snøskuterar og skal kartlegga ruta for Statens vegvesen. Dei søker om inntil 3 turar for å ha best mogleg kunnskap om snøtilhøvet, og ha kartlagt best mogleg evakueringsrute ut i frå snøtilhøva.

## Vurdering

I fylgje forskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde, pkt. IV 4 er ”*Motorferdsle på land og på innsjøar, og landing med luftfartøy*” forbode. Forvaltingsstyresmakta kan i følgje pkt. VI 6 gje løyve til ”*Naudsynt motorisert transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materialar og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når andre særlege grunnar ligg føre*”.

Evakueringsruta er ein viktig beredskap for Statens vegvesen dersom det står fastkøyrd kolonne på Vikafjellet. Redningstenesta må ha kjennskap til kvar dei kan koma fram med snøskuter for å sikra god beredskap. Det vil vera bruk for å køyra mellom 1 til 3 turar ut frå verforholda. Forvaltar vurderer at køyring med snøskuter i denne samanheng kan reknast som særleg grunn til motorferdsel, og kan gjevast løyve til etter verneforskrifta.

Vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen, og gjennom oppsyn i området. Villrein har brukt dette området lite siste åra, men det er ein del av Fjellheimen villreinområdet. Auka ferdsel kan vera ein medverkande årsak til at villreinen brukar området mindre, men dette er lite kartlagt. Me meiner kunnskapsgrunnlaget er bra for og vurderer søknaden. Snøskuteraktiviteten kan påverka naturverdiane gjennom forstyrning og støy, men denne påverknaden vil vera midlertidig. Spora etter snøskuter vil heller ikkje vera varige.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Avgrensa køyring på faste ruter og eit avgrensa tidsrom, vil avgrensa påverknad på naturverdiane. Det vert sett vilkår om å ta omsyn til naturen, og Statens naturoppsyn kan stoppa køyringa av omsyn til naturverdiar, særleg med tanke på villrein i området. Føre-var-prinsippet er tillagt vekt i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: I Sendedalen er det gjeve fleire løyve til snøskuterkøyring. Myrkdalen grunneigarlag har løyve til transport til stølane. Voss Røde Kors har løyve til kvisting av vinterløype i regi av Bergen Turlag, og Røde Kors Sogn og Fjordane har løyve til kjentmannsturar på same trase som vert kvista. Røde Kors legg data inn på GPS når dei køyrer sine turar. Desse GPS-loggane til Røde Kors bør vera tilgjengeleg for Statens vegvesen i samband med kartlegginga av evakueringsruta gjennom Sendedalen. Vilkåra er sett for å avgrensa den samla belastninga, og samstundes sikra naudsynt beredskap for Statens vegvesen i samband med rv. 13.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Dette punktet vert vurdert til ikkje og vera relevant for denne saka.

§ 12 Miljøforsvarleg teknikkar og driftsmetode: Snøskuter vil vera beste alternativet for å legge inn GPS-data for snøskutertraseen. I ein naudsituasjon der denne ruta skal nyttast som evakueringsveg, må skutertraseen verta best mogleg kjent. Køyringa vert vurdert som miljøforsvarleg.

På denne bakgrunn tilrår forvaltar at det vert gjeve løyve til å nytta snøskuter som omsøkt.

Arkivsaksnr: 2013/586-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 22.02.2013

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	6/13	11.03.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - snøskutertransport av ved og proviant frå Bjergane til Rappen

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til:

- 1 tur fram og tilbake med snøskuter for frakt av brensel frå Bjergane til Rappen.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde, og med fylgjande vilkår:

- løyvet gjeld ein dag i tidsrommet 11.03. – 01.04.2013 med unntak av søndagar
- snøskuterkøyninga skal skje på kortaste og mest høvelege rute frå Rv 13 og inn til Rappen
- SNO v/Nils Kvamme (mob. 95 73 06 15) skal varslast seinast dagen før, og kan påleggje at snøskutertransporten vert utsett av omsyn til villrein
- løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- det skal sendast rapport til sekretariatet får verneområdestyret (gjerne på e-post) om gjennomføring av transporten innan 1. juni 2013

Me gjer merksam på at løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag også må avklarast med Vik kommune.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 11.03.2013

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.



## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til:

- 1 tur fram og tilbake med snøskuter for frakt av brensel frå Bjergane til Rappen.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde, og med fylgjande vilkår:

- løyvet gjeld ein dag i tidsrommet 11.03. – 01.04.2013 med unntak av søndagar
- snøskuterkøyringa skal skje på kortaste og mest høvelege rute frå Rv 13 og inn til Rappen
- SNO v/Nils Kvamme (mob. 95 73 06 15) skal varslast seinast dagen før, og kan påleggje at snøskutertransporten vert utsett av omsyn til villrein
- løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- det skal sendast rapport til sekretariatet får verneområdestyret (gjerne på e-post) om gjennomføring av transporten innan 1. juni 2013

Me gjer merksam på at løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag også må avklarast med Vik kommune.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til transport med snøskuter til Rappen, datert 04.02.13

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Sjur Vikøren søkjer om å få bruka snøskuter til transport av ved og gass inn til stølen Rappen i Stølsheimen, og boss tilbake. Han er grunneigar på garden Kjevlen og Fretheim i Vik kommune. Rappen ligg om lag 4 km innan for grensa til landskapsvernområdet, på ruta frå Bjergane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve løyve til same føremål i åra 2003, 2006, 2009 og 2011.

## Vurdering

I fylgje forskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde, pkt. IV.4, er *”Motorferdsle på land og på innsjøar, og landing med luftfartøy”* forbode. Forvaltingsstyresmakta kan i fylgje pkt. VI. 6 gje løyve til *”Naudsynt motorisert transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materialar og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når andre særlege grunnar ligg føre”*.

Forvaltar ser at private stølshus/hytter i varierende grad har ein funksjon i landbruksnæring i tillegg til at dei tener friluftslivet for eigarane. Av verneforskrifta pkt. III går det fram at formålet med landskapsvernområdet *«er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av teknisk inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»*.

Me er kjend med at det år om anna vil kunne vere behov for å frakte inn brensel og materialar for vedlikehald. Frakt med snøskuter vil - dersom omfanget ikkje er så stort at helikopter er mest tenleg - ofte vere ei god praktisk løysing som ikkje gjev varige i spor i terrenget. Det må takast særleg omsyn til villreinstammen i Fjellheimen. Me kjenner ikkje til at transporten har ført til problem tidlegare år. Me ønskjer å skjerme søndagar for uroinga som bruk av snøskuter medfører for folk på tur. Forvaltar vurderer transporten til ikkje i strid med verneformålet, og at det kan gjevast løyve etter verneforskrifta.

Forvaltar har vurdert søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12.

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og erfaringar frå tidlegare løyver. Det er bra kunnskap om villreinen sin bruk av området gjennom bestandsplan for Fjellheimen villreinområde og villreinteljingar. Kunnskapsgrunnlaget på denne bakgrunn vert vurdert som god.

§ 9 føre-var-prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt i denne saka, og føre-var-prinsippet vert difor tillagt liten vekt. Det vert likevel sett vilkår om at vert teke omsyn til villreinen viss den er i nærleiken.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Det omsøkte området er eit sårbart naturområde med noko ferdsel og aktivitet om vinteren. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uroing for folk og dyr, særleg villrein, blir minst mogleg.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Dette punktet vert vurdert som ikkje relevant i denne saka.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av snøskuter vil vere den mest miljøforsvarlege og rasjonelle måten for å frakte brensel inn til Rappen og boss ut att frå området på. Forvaltar vurderer transporten som miljøforsvarleg.

På denne bakgrunn rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til snøskutertransporten som omsøkt.

Arkivsaksnr: 2011/5353-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 25.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	7/13	11.03.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - søknad om to representantar frå villreininteressene i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyret inviterer Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Fjellheimen villreinutvalet til å delta med kvar sin representant i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen.

Namna på representantane som skal delta i utvalet må meldast til sekretariatet for verneområdestyret innan 15. april 2013.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 11.03.2013

#### Handsaming i møte

Styret vil ta opp til ny vurdering samansetting av representantar i fagleg rådgjevande utval når det skal veljast nytt utval for neste styreperiode.

Innstilling frå forvaltar vart vedtatt.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyret inviterer Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Fjellheimen villreinutvalet til å delta med kvar sin representant i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen.

Namna på representantane som skal delta i utvalet må meldast til sekretariatet for verneområdestyret innan 15. april 2013.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Framlegg frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd til ny representant i fagleg rådgjevande utval, datert 29.10.2012
- Vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre

Stølsheimen verneområdestyre vedtok på møte 6. desember 2011 sak 12-2011, samansetjing av fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen. Fjellheimen villreinutval/villreinnemnd vart invitert med ein deltakar som skulle representera begge organisasjonane. Villreinnemnda melde inn ein representant med vararepresentant. Dei hadde mistyda invitasjonen og hadde ikkje teke kontakt med villreinutvalet.

Villreinutvalet og villreinnemnda har tatt kontakt med forvaltar på telefon og med brev, og ber om at verneområdestyret utvidar fagleg rådgjevande utval med ein representant til for villreininteressene. Villreinnemnda er ei statleg oppnemnt nemnd med politisk vald representantar. Dei representerer den offentlege forvaltninga av villreinområdet. Villreinutvalet representerer rettshavarane i villreinområdet, og skal ta vare på verdiane villreinen utgjør for rettshavarane, og har ansvar for forvaltning av villreinbestanden. Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd har ansvar for to villreinområde. Ny inndeling av villreinnemndene i Norge, med ansvar for fleire villreinområde, vart innført i 2008. Etter denne omlegginga har felles møte med villreinutvala ikkje vorte vidareført.

## Vurdering

Store deler av Fjellheimen villreinområde ligg innan for Stølsheimen landskapsvernområde. Landskapsvernområdet er eit viktig leveområde for villreinen, og forvaltning av området vil ha påverknad på levevilkåra for villreinen. Villreinnemnda og villreinutvalet har ulike ansvarsområde innan forvaltning av villrein og villreinområde. Forvaltar meiner villreinnemnd og villreinutval vil vera nyttige ressursar i fagleg rådgjevande utval, og rår til utviding av utvalet med ein representant for Fjellheimen villreinutvalet i tillegg til Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd. Fagleg rådgjevande utval vil med det få 13 deltakarar.



Arkivsaksnr: 2013/334-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.02.2013

Utval	Utvalsak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	8/13	11.03.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - Restaurering av stølshus i Mørkves-Grøndalen, gnr. 277, bnr. 29 i Voss kommune

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Asbjørn Holstad løyve til restaurering av stølshus i Mørkves-Grøndalen, og løyve til naudsynt transport av materiale med snøskuter i samband med restaurering av stølshuset.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. VI, 3 og 6, og med fylgjande vilkår:

#### Restaurering av stølshuset

- Stølshuset skal restaurerast i samsvar med teikningar og vilkår i løyvet.
- Stølshuset kan forlengast med inntil 120 cm i framkant (skotet) i samsvar med teikning vedlagt søknad. Påbygget skal tilpassast terrenget, og det skal ikkje gravast ut ny tomt for påbygget.
- For å unngå at vindskiene vert for breie, skal utstikket berre bestå av utstikkande lekter og blindsperr. Taksperrene skal vera skulte av gavlbord. Utstikket i gavlvegg skal vera på maksimalt 15 cm. Utstikk på langvegg skal ikkje vera lenger enn det er på stølshuset i dag.
- Taket kan hevast med maksimalt 30 cm. Takvinkel skal vera den same som er på stølshuset i dag.
- Ytterkledning skal vera liggjande kanta bord som skal veksla tilfeldig mellom bord med breidde 7 og 8 tommar. Hjørna skal ha kanta bord.
- Vindauga skal vera småruter og med ekte sprosser.
- Inngangsdøra kan vera to-delt.
- Taket skal tekkast med torv. Uttak av torv skal skje i samråd med forvaltar og SNO, etter synfaring. Løyvehavar må sjølv innhenta samtykke frå aktuelle stølseigarane om uttak av torv på stølen. Uttak skal skje på ein skånsam måte for natur og landskap.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeide er ferdig.

- Dersom restaurering av selet ikkje er kome i gang innan 31.12.2014, skal det søkjast om nytt løyve.

#### Snøskutertransport

- Løyvet gjeld 10 turar inn til Mørkves-Grøndalen over 2 dagar
- Transport av materiale skal avgrensast til naudsynt transport i perioden 15. april til 1. mai 2013.
- Køyring kan skje på alle dagar med unntak av søndagar, av omsyn til friluftsliv.
- SNO v/Nils Kvamme (mobil 95730615) skal varslast om køyring seinast dagen før. SNO vil opplysa om det må takast spesielle omsyn under transporten.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transport. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Det skal sendast rapport om snøskutertransporten til sekretariatet innan 1. juni 2013.

Me gjer merksam på at det må søkjast Voss kommune om byggeløyve etter plan og bygningslova, og etter lov om motorferdsel. Det må innhentast løyve til motorferdsel frå aktuelle grunneigarar i området.

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 11.03.2013**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar

#### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Asbjørn Holstad løyve til restaurering av stølshus i Mørkves-Grøndalen, og løyve til naudsynt transport av materiale med snøskuter i samband med restaurering av stølshuset.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI, 3 og 6, og med fylgjande vilkår:

#### Restaurering av stølshuset

- Stølshuset skal restaurerast i samsvar med teikningar og vilkår i løyvet.
- Stølshuset kan forlengast med inntil 120 cm i framkant (skotet) i samsvar med teikning vedlagt søknad. Påbygget skal tilpassast terrenget, og det skal ikkje gravast ut ny tomt for påbygget.
- For å unngå at vindskiene vert for breie, skal utstikk berre bestå av utstikkande lekter og blindsperr. Taksperrere skal vera skulte av gavlbord. Utstikk i gavlvegg skal vera på maksimalt 15 cm. Utstikk på langvegg skal ikkje vera lenger enn det er på stølshuset i dag.
- Taket kan hevast med maksimalt 30 cm. Takvinkel skal vera den same som er på stølshuset i dag.
- Ytterkledning skal vera liggjande kanta bord som skal veksla tilfeldig mellom bord med breidde 7 og 8 tommar. Hjørna skal ha kanta bord.
- Vindauga skal vera småruter og med ekte sprosser.
- Inngangsdøra kan vera to-delt.
- Taket skal tekkast med torv. Uttak av torv skal skje i samråd med forvaltar og SNO, etter synfaring. Løyvehavar må sjølv innhenta samtykke frå aktuelle stølseigarane

om uttak av torv på stølen. Uttak skal skje på ein skånsam måte for natur og landskap.

- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeide er ferdig.
- Dersom restaurering av selet ikkje er kome i gang innan 31.12.2014, skal det søkjast om nytt løyve.

#### Snøskutertransport

- Løyvet gjeld 10 turar inn til Mørkves-Grøndalen over 2 dagar
- Transport av materiale skal avgrensast til naudsynt transport i perioden 15. april til 1. mai 2013.
- Køyring kan skje på alle dagar med unntak av søndagar, av omsyn til friluftsliv.
- SNO v/Nils Kvamme (mobil 95730615) skal varslast om køyring seinast dagen før. SNO vil opplysa om det må takast spesielle omsyn under transporten.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transport. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Det skal sendast rapport om snøskutertransporten til sekretariatet innan 1. juni 2013.

Me gjer merksam på at det må søkjast Voss kommune om byggeløyve etter plan og bygningslova, og etter lov om motorferdsel. Det må innhentast løyve til motorferdsel frå aktuelle grunneigarar i området.

### **Saksopplysningar**

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om omvøling av stølshus i Mørkves-Grøndalen, datert 17.12.12

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Asbjørn og Linda Holstad søker om løyve til å restaurera stølshuset sitt i Mørkves-Grøndalen i Voss kommune. Dei er grunneigarar i Vik kommune, men stølen ligg i Voss kommune. Voss kommune mot tok søknaden 17.12.13 (ref. 12/1562), og sendte den vidare til Stølsheimen verneområdestyre for behandling etter verneforskrifta 21.01.13. Søknaden vert behandla av Voss kommune etter plan og bygningslova, etter verneområdestyret har gjort vedtak i saka. Forvaltar har sendt søknaden til kulturavdelinga i fylkeskommunen til uttale.

Holstad har ikkje landbruksdrift på garden i dag, og stølshuset vert mest nytta til fritidsføremål, på lik linje med dei fleste stølshusa i området. Stølshuset er i dårleg stand i dag, og restaureringsarbeid vert gjort for å ta vare på huset, og gjera det meir tenleg til dagens bruk. Holstad søker om forlenging av stølshuset med 120 cm, og heving av taket med 30 cm. Taket vert heva for å få plass til isolasjon. Holstad opplyser at stølshuset frå gammalt av var lenger enn det er i dag. Ytre mål på stølshuset er 27,8 m<sup>2</sup>. Etter planlagt påbygging vert ytre mål 33,2 m<sup>2</sup>. Om vinteren er det mykje snø i Mørkves-Grøndalen, og store deler av stølshuset vert dekkja av snø. Dei søkkjer om å få setja inn ei to-delt dør for å kunne koma inn i stølshuset om vinteren.



I søknaden vert det opplyst at taket skal tekkast med svartimpregnerte spesial takbord. På telefon 21.02.13 opplyser Holstad at dei ynskjer å leggja torv på taket i samsvar med gamal byggeskikk på staden. På dei andre stølshusa på stølen er det bølgeblikkplater og torv.

## Vurdering

Eit av føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på «..kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. pkt IV, 1, men verneområdestyret kan gje løyve til «restaurering og gjennoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren» jf. pkt. VI, 3.

Det er 3 andre stølshus i Mørkves-Grøndalen. Desse vart delvis restaurert før området vart landskapsvernområde, og har fått meir hyttepreg. Holstad sitt stølshus var sist omvølt i 1960-åra, og er vedlikehalde etter byggeskikk for stølshus på den tida. Det er blant anna lagt plater av aluminium på taket. Stølshuset har fortsatt mykje av opphavleg preg. Planen for restaurering i vare tek det meste av det gamle stølshuset, men vert tilpassa dagens behov for heilårsbruk, med å isolera taket og utvida skotet til meir lagringsplass. Hordaland Fylkeskommune har sett på planteikningane i denne saka, og har kome med merknader som er tatt med i vilkåra. Stølshusa er viktige kulturminne i kulturlandskapet i Stølsheimen. Forvaltar meiner restaurering av stølshuset er i tråd med føremålet i verneforskrifta der eit av føremåla er å ta vare på kulturlandskap og kulturminne.

Holstad ynskjer å leggja torvtak på stølshuset. Dette er i tråd med gamal byggeskikk på staden. I verneforskrifta pkt. IV, 1 står det at «alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endra landskapets art eller karakter er forbode» I forvaltningsplan vert det lagt vekt på at restaurering av bygningar skal vera i samsvar med tradisjonell og lokal byggeskikk på staden. Torvtak var vanleg på denne type stølshus, og torv vart teke frå området rundt stølen. Uttak av torv gjev sår i terrenget, men sår vert midlertidige, og vil gro att over tid, sjølv og det tek lang tid i fjellet. Forvaltar meiner uttak av torv til eit stølshus av denne storleik ikkje vil føre til vesentleg endring av landskapet. Uttaket må skje på ein skånsam måte som gjev lite sår i terrenget. Forvaltar og SNO vil vera med på synfaring i området i sommar, for å finna best eigna plass for uttak av torv. Holstad må i tillegg få samtykke frå dei andre rettshavarane på stølen til å ta ut torv.

I fylgje verneforskrifta pkt. VI, 6 kan verneområdestyret gje løyve til naudsynt transport av materiale og utstyr i samband med bygging. Forvaltar vurderer transporten som naudsynt for å få materiale inn til stølen. Stølen ligg om lag 10 km frå bilveg.

Forvaltar vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området og stølsbygningane er bra kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen og rapport om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 5 Fylkeskonservatoren i Hordaland) og Stølsrapporten (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt.

§ 9: Føre-var-prinsippet: Kunnskapen om området er godt, og føre-var-prinsippet vert difor tillagt liten vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Restaurering av stølshuset vil ikkje gje noko auka belastning på økosystemet, med unntak av uttak av torv. Uttaket vert vurdert som eit lite inngrep og vil gje belastning på eit lite område. Motorferdsle i samband med bygginga vil gje auka belastning med støy, men transporten vert utført i eit avgrensa tidsrom. Dersom det er mogleg vil transporten verta samordna anna transport på same tid.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Det er ikkje venta at tiltaket vil føra til miljøforringing. Bygningsrestar og avfall skal fjernast etter byggeperioden er avslutta. Det er sett vilkår om at uttak av torv skal skje i samråd med forvaltar og SNO for å finne område som er mest skånsam.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Restaureringsarbeidet føregår etter lokal byggeskikk. Snøskutertransport er ein forsvarleg transportmåte i dette området. Det er sett vilkår om tal turar og dagar for og avgrensa ulempene med transporten.

Arkivsaksnr: 2013/437-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.02.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	9/13	11.03.2013

## Stølsheimen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjeld søknad om løyve etter spesifiserte dispensasjonsreglar om ferdsel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. VI nr. 6.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre pkt. 6.

Vedtak skal vera i tråd med forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde.

Klage på vedtak fatta av forvaltar skal sendast til verneområdestyret for ny behandling.

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 11.03.2013

### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjeld søknad om løyve etter spesifiserte dispensasjonsreglar om ferdsel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. VI nr. 6.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre pkt. 6.

Vedtak skal vera i tråd med forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde.

Klage på vedtak fatta av forvaltar skal sendast til verneområdestyret for ny behandling.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Brev frå Miljøverndepartementet, 17.12.2012
- Vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre, 4. juni 2010
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998

Etter at ordninga med lokale forvaltningsstyre og forvaltar starta opp i 2010, har Miljøverndepartementet fått tilbakemeldingar frå fleire styre med ynskje om å kunne delegera mynde til forvaltar i saker som gjeld motorferdsel og anna ferdsel, der det regelmessig vert behandla saker etter spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskrifta. I mange verneområde er det stor saksmengd på søknad om ferdsel. Døme på slike saker er blant anna løyve til å transportera materiale til vedlikehald av stølshus, og ved og utstyr til hytter.

Miljøverndepartementet ynskjer å ta omsyn til at forvaltninga skal vera rasjonell og effektiv, og har endra pkt. 6 i vedtektene for verneområdestyra, og gjeve styra moglegheit for å delegera mynde til forvaltar på dette saksfeltet. Nytt pkt. 6 er:

*Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel*

*Det er ikke anledning til å delegere adgangen til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.*

*Forvalterens vedtak skal treffes i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikke foreligger godkjent forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.*

Gjennom arbeidet med forvaltningsplan er det fastsett rammer for korleis slike saker skal handterast.

Verneområdestyret oppretta arbeidsutval (AU) for verneområdestyre i sak 3/2012. AU fekk delegert vedtaksmynde i saker som gjeld søknader om motorferdsel og fornying/forlenging av løyve som styret har gjeve tidlegare. I 2012 behandla AU 1 sak.

## Vurdering

Styret kan delegera vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjeld ferdsel. Vedtak skal vera i tråd med forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. I forvaltningsplanen er det sett opp retningslinjer for ferdsel i verneområda. Alle saker om ferdsel som er av prinsipiell karakter skal behandlast av styret.

